

Bruk av heimekontor – husk å tenke på IKT sikkerhet !

På grunn av Koronaepidemien sitt no svært mange tilsette i Ålesund kommune på heimekontor. Noko som gir oss store muligheter til godt samarbeid og å halde kontakten med kollegaer og eksterne aktørar. Men vi ber om at de og er merksam på dei sikkerhetsutfordringane som dette skaper. For mange er dette ein ny situasjon, og ein har kanskje ikkje nok kompetanse på området.

Det er mange eksterne trusselaktørar som no prøver å utnytte situasjonen vi er i for å få tilgang til våre system og data. Vi ser at falske epostar med stikkord som «Korona» og «Covid 19» kombinert med at det ser ut som at eposten er sendt frå intern avsendar eller nasjonal mynde florerer ute på nettet, og minner om at ein skal vere forsiktig med kva ein opnar. Spesielt skal ein vere forsiktig med å opne vedlegg i epostar.

- Eit heimekontor har ikkje samme sikkerhet som våre vanlege løysingar. Som tilsett får du eit større ansvar for å ivareta sikkerheten i denne situasjonen.
- Bruk berre Ålesund kommune sitt utstyr. Dette er oppdatert og konfigurert i samsvar med våre sikkerhetsrutiner.
- Husk at det er kun du som skal ha tilgang til dette utstyret. Ingen andre i din heim skal bruke kommunen sitt datautstyr. Husk å låse PC (Win + L) kvar gong du forlet PC og andre har tilgang.
- Ikkje koble til anna utstyr som minnepinner og andre USB-einingar utan at du er heilt sikker på at dette ikkje er infisert. Slikt utstyr som tidlegare har vore kobla til privat PC skal aldri nyttast.
- Din tilgang til kommunen sitt system er sikra med VPN løysing, kombinert med 2-faktor autentisering i form av ein SMS kode.
- Ikkje koble til ditt heimekontor til opne og offentlege nettverk. Sjekk at du har tilfredsstillande sikkerhetskrev på ditt trådlause nettverk med passordbeskyttelse.
- Husk og at sterke og unike passord er viktig for tilfredsstillande sikkerhet.
- Følg vanlege rutiner for lagring og arkivering av data i fagsystem og arkivløysing. Dersom det ikkje er mogeleg, sørg for at data vert lagra forsvarleg på di personlege mappe. Ikkje lagre data lokalt på PC.